

07 25.10.77.

DIREKTIV OM SAMEARBEIDET.

Arbeidet blant samene vil ikkje vera ei prioritert oppgåve for heile partiet. Samstundes er det ei prioritert oppgåve for partiet å kome i sving med dette arbeidet og nå eindel relativt omfattende målsettingar. Dette må vi løyse ved å bruke metoden med arbeidsdeling. Samearbeidet må vera ei viktig oppgåve for delar av partiet og ei hovudoppgåve for ein del kader.

Førebels retningslinjer for arbeidet :

- a) Plan for arbeidet skal vedtakast og kontrollerast av distrikts/lagsstyret.
- b) Alle ansvarlege kameratar skal studere partilinja og det nasjonale spørsmål.
- c) Alle ansvarlege kameratar skal drive personleg massearbeid blant samane.
- d) Alle ansvarlege kameratar skal sjølve vera eller mobilisere og rettleie samekorrespondentar til KK og det nye samebladet.

DS/laget må settja av ein eller fleire kader som ansvarleg for samearbeidet.

25.10.77

SKs arbeidsutvalg.